

## Sakliste for møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 4.september

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Kommunehuset i Hyllestad - adresse Lifjordvegen 7

Leiar: Marita Aarvik

Referent: Gunn Sande

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Cesilie Udberg Helle	FFO (Mental helse)	x
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	
Arne Hovland	FFO	
Gerd Torkildson	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	x
Stein Erik Øvrebø	SAFO (NFU)	x
Lene Hetle	SAFO	x
Eysteinn Udberg	Rusettervernet	
Grethe Fischer	Kommunalt råd	
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd	
<i>Kjell Wernik Nystøyl</i>	<i>KS/Sunnfjord kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	
<b>Vara:</b>		
Øystein Jarle Wangen	Kommunalt råd	
Eirik Dahl	Fylkeskommunalt råd	
Michael Milde	FFO Norges Blindeforbund	
Øystein Rynningen	FFO Norsk Revmatikerforbund	
Linda Blålid	FFO CP-foreningen	
Tid	Sak	Tema
11.00	27/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
	28/24	Godkjenning av referat frå førre møte
11.10	29/24	Vertskommunen v/ kommunalsjef for helse og omsorg Rolf Horne orienterer
11.40	30/24	<p>Presentasjon frå øvrige HAFS-kommunar?</p> <p>Askvoll: <a href="mailto:sara.terese.osland@askvoll.kommune.no">sara.terese.osland@askvoll.kommune.no</a></p> <p>Fjaler: <a href="mailto:kjersti.valvik@fjaler.kommune.no">kjersti.valvik@fjaler.kommune.no</a></p> <p>Solund: <a href="mailto:marit.andersen.nesse@solund.kommune.no">marit.andersen.nesse@solund.kommune.no</a></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Særlege utfordringar knytt til geografiske tilhøve når det gjeld beredskap</li> <li>Status med omsyn til rekruttering av helsepersonell</li> </ul> <p>Korleis samarbeider ein om helse- og omsorgsoppgåver i HAFS</p>
<b>12.00</b>		<b>Matykt</b>
12.45	31/24	Orientering frå HAFS-samarbeidet held fram

14.00	32/24	Informasjon om Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester med fokus på kvalitets- og utviklingsarbeid i kommunane v/ Martha Strandos
14.45	33/24	Kjell Wernik Nystøyl presenterer struktur for samhandlingsavtaler
15.00	34/24	<p>Open post – utvalet sine refleksjonar og tilbakemeldingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Info om tillegg til oppdragsdokumentet Helse Førde v/ Børge Tvedt</li> <li>• Saker til fellesmøtet med styret</li> <li>• Evalueringsskjema for brukarutvala i Helse Vest</li> </ul> <p>Skjema presentert på samlinga i Bergen i mai – no planlagd utsend i løpet av november.</p> <p>RBU ønsker å stå for utsendingen av skjema og innsamlingen av svar, dersom det er greit for FBU.</p> <p>I skjemaet skal brukarrepresentantane huke av for kva helseforetak dei representerer. Slik kan ein ta ut både samla tal samt tal på HF-nivå.</p>
Sak	<b>Referat</b>	
27/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - godkjend	
28/24	Godkjenning av referat frå førre møte - godkjend	
29/24	<p>Vertskommunen v/ kommunalsjef for helse og omsorg Rolf Horne orienterte</p> <p><b>Hyllestad</b></p> <p>Kommuna har 1280 innbyggjar med god psykisk helse og er ei kommune der ungdom har det bra. 86% av dei unge gjennomfører vidaregåande skule, men kommuna har også fokus på dei restrerande 14 % som ikkje gjennomfører.</p> <p>Hyllestad har ikkje vidaregåande skule i kommuna så alle ungdomane må ut av kommuna for å gå på vgs. Den næraste vidaregåande skulen ligg i Fjaler. Det er ikkje høgare utdanningsinstitusjon i HAFS.</p> <p>Også i Hyllestad er det «underskudd» på den yngre garde og ein vert fleire eldre. Ein stor del av befolkninga bur åleine etter fyllte 75 år og trenden viser at ved auka alder aukar også trongen for meir hjelp. Mange eldre ynskjer å leige bolig og då gjerne i felleskap nær naudsynte tjenester.</p> <p>Kommuna er oppteken av førebygging og helsefremmande arbeid, som levevaner, aktivitet, kosthold og vekt samt røyking og alkohol. Kommuna har derfor prioritert auka ressurs økonomisk i budsjettet inn mot helseførebyggande arbeid . Det er ikkje mogeleg å sjå resultatata med ein gong, dei får ein ha trua på kjem i etterkant.</p> <p>Kommunalsjef Horne gjekk gjennom kommuna si organisering og la vekt på at ting kan skje fort i ei lita kommune med ei lita leiargruppe og korte linjer for å gjere vedtak.</p> <p>Kort om legetjenesten : ser ut som om kommuna er komen ut av «vikargaloppen» då dei har tilsett 2 legestillinger fast. Kommuna har legevakt på dagtid og interkommunal legevakt i Førde på kveld/helg. Ambulans er i Lavik og Fjaler. Kommuna samarbeider med dei andre HAFS kommunane på bl.a jordmortjeneste og psykiatri og rus. Hyllestad er med i fleire interkommunale tjenester som psykolog-barnevern-intergreringstjeneste m.m</p> <p>Kommuna mangler fagfolk og er flink å sende eigne tilsette på kurs.</p>	

	<p>For folk flest er det ei stor utfordring kva gjeld transport og infrastruktur. Pasientreiser opplevast krevande då det ikkje verkar som dei har forståelse for geografien med nokre få offentlege transportrutar og øy-utfordringar.</p> <p>Hyllestad har teke imot flyktningar – 86% av dei er fra Ukraina.</p> <p>Representant for samanslege råd for eldre /RMNF etterspurde informasjon om FBU. Leiar Marita Aarvik og Kjell Wernik Nystøyl gikk kort gjennom korleis FBU vert oppnevnt.</p>
30/24	<p><b>Presentasjon frå øvrige HAFS-kommunar</b></p> <p>Her hadde dei tre andre kommunane i HAFS – Askvoll, Fjaler og Solund valgt å ta ei felles presentasjon av Kjersti Valvik og Sara Osland. Kort gjennomgang av demografien der det blir auke i befolkninga mellom 80-89 år og talet på dei mellom 67-79 år går ned. Grappa mellom 67-79 definerer dei som seniorressurgrappa.</p> <p>Også desse kommunane var innom mykje av dei same utfordringane som Hyllestad. Auke i antall demente, alvorleg rus og psykiske helseproblem også blant dei eldre. Færre rom på sjukehuset vil gje utfordring for kommunane der pasienter vert skrivne ut tidlegare. HAFS -kommunane hadde også særskilt fokus på lange avstander, øyer og dårleg offentleg transport-samt at det var påpeika nok ein gong at pasientreiser ikkje kjenner til utfordringane i utkantane.</p> <p><b>Solund</b> - tilhøyre Nordhordaland politidistrikt og det viser responstida som ofte er lang slik at ein er heilt avhengig av det lokale brann og redningskorpset. Utfordring med samferdsle – dersom ein bil står i grøfta er det berre ein veg – og berginsbil tek tid før den kjem fram – då stoppar all trafikk på øya. Ambulansebåt stasjonert på Hardbakke. Egen legevakt i Nordsjøturnus og ei KAD seng på sjukeheimen då dei har tilsynslege også på kveldstid på institusjon. Med dette så unngår ein unødig innlegging på sjukehus.</p> <p><b>Fjaler og Askvoll</b> - Legevakt på dagtid, og interkommunal legevakt i Førde på kveld/helg. Ambulanse i Dale, pluss at ambulansebåten i Solund dekkar deler av Askvoll. Brann og redning, samt ambulanse er ein viktig del av beredskapen. Det er mangel på leigebustader i sentrum nær service, kultur og møteplassar. Kommunane går no frå programmet «Leve heile livet» til «Bu trygt heime».</p> <p>Offentleg transport, taxi, tidleg utskrivning skapar utfordringar for kommunane, så her er transporttilbodet heim viktig.</p> <p>Alle kommunane har utfordringar med rekrutering av fagfolk til fleire fagstillingar</p> <p>Kommunane ynskte tilbakemelding fra FBU på kva vi kan samhandle om og eit konkret forslag fra kommunane var at FBU bør ta tak i ventelister og då særskilt på ØNH</p>
31/24	<p><b>Informasjon om Utviklingssenter for sjukeheim og heimetjenester med fokus på kvalitets- og utviklingsarbeid i kommunane v/ Torhild Terum.</b></p> <p>Dette er eit Nasjonalt prosjekt med Sunnfjord som vertskommune. I Helse Vest er det 4 slike senter – Stavanger, Haugesund, Bergen og Førde. I Førde er dei 5 tilsette på heil/deltid og det er forskjellige satsingsområde for kvart senter. Slike satsingsområder kan være ex. – bu trygt heime – demensplan – kvalitet i tjeneste til</p>

	<p>personer med utviklingshemming - sårbare skrøpelige eldre som bur heime og kontinuitet i tjenestene.</p> <p>Utviklingssenteret driftar ein del nettverk og er med på konkret opplæringstiltak. Utviklingssenteret er og ein samarbeidspart i prosjekt/aktivitet.</p>
32/24	<p><b>Kjell Wernik Nystøyl presenterte struktur for samhandlingsavtaler</b></p> <p>Her vart det orientert om Sogn og Fjordane Helsefelleskap og organiseringa av det. Det er 17 kommunar i helsefelleskapet saman med helseføretaket som møtast på fleire forskjellige arenaer gjennom året. Partnerskapsmøte – forankre retning , Startegisk samarbeidsutvalg – utvikle strategi og handlingsplaner, Fagleg samarbeidsutvalg – utvikle prosedyre og tjenestemodeller. FBU er representert i alle utvalga. Det var deretter gått raskt gjennom kva type avtaler som finnast mellom helseføretaket og kommunane .</p>
33/24	<p>Open post – utvalet sine refleksjonar og tilbakemeldingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Børge Tvedt informerte om oppdragsdokumentet og gikk kort gjennom dei nyaste oppdraga fra helsedepartementet der det vert sett sterkt fokus på tema ventetider. Dette vert det jobba vidare med i helseføretaket.</li> <li>• Leiar Marita Aarvik informerte kort om evalueringsskjema for brukarutvala i Helse Vest</li> <li>• Arne Hovland : etterlysing av svar fra helseføretaket på brev til helseføretaka fra FFO kva gjeld tap av trygd ved innlegging psyk/rus utover 3 månader blir sett på saklista til neste møte i FBU.</li> <li>• Til slutt vart det påminna at alle må hugse å sende reiserekning snarast.</li> </ul> <p>Møte slutt kl 1600</p>